



HØGBERGET

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Høgberget ligg ved Midtliskulen i Nordherad. I 1865 og 1875 var Paul Olsen Fortun f. 1830 frå Luster husmann med jord på Høgberget. Han fekk festekontrakt på innhegning i bygdealmenninga i 1872. Paul vart i 1852 gift med Gunnild Hansdotter Ulsanden 1821-1870, dotter til Hans Helleløkken Ulsandsnikkeren. 1856-1861 er Paul og Gunnild nemnde i Sandneshagen (nørdre Vetlhågå) og har såleis truleg start på Høgberget fyrst i 1860-åra. I 1873 fekk Paul feste på ei innhegning frå Nordherad bygdealmenning, og utvida dermed bruket. Paul dreiv handel på Høgberget for eksempel med tobakk, sukker og kaffe. Paul og Gunhild hadde barna

Anne f. 1853, utflytt til Oppdal 1871

Hans f. 1856

Imbjør 1859-1859

Oline f. 1861

I 1871 gifta Paul seg opp att med Live Arnesdotter f. 1837 frå Lom, dei hadde døtrene

Gunhild f. 1871

Mari f. 1876

Hans Andersen Lysaker 1838-1910 gift 1875 med Ragnhild Johannesdotter ner-Sveum (Vetlsæter) f. 1843. Ho hadde sonen Ole Paulsen f. 1864, han reiste til Hafslo i Sogn. I 1875 budde familien i Holshaugen og i 1878 i Groven. Hans og Ragnhild overtok

Høgberget i 1880, det var svært lite oppdyrka da dei starta. Dei hadde barna

Anders f. 1872, til Amerika

Johannes f. 1875, til Amerika

Paul f. 1878, til Amerika

Peder f. 1881, til Amerika

Hans 1884-1885

Hans 1886-1974, neste brukar

Anton f. 1889, til Amerika

Mari 1891-1894

Hans ovetok etter faren i 1910. Høgberget gnr. 78 bnr. 4 vart skyldsett i 1921, og overskjøta frå Nordherad Bygdealmening til Hans Høgberget for kr 200,-. Hans vart i 1915 gift med Hanna Dalen 1886-1980, dei hadde barna

Ragnhild f. 1918, gift med Pål Jordet

Ola f. 1927, neste brukar

Ola tok over etter faren i 1955. Han vart i 1958 gift med Kari Ulsbu 1927-1968, dei hadde barna

Eva f. 1959, gift med Ola Veggum f. 1953

Ruth Haldis f. 1964

I 1875 var det på Høgberget 1 ku, 4 sauer og 4 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg og vel ½ tønne poteter. Ti år tidlegare var det berre 1 sau og 1 geit og berre litt korn.

Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 – 1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 41

Panteregeister

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Festekontrakter

Folketelling 1865, 1875, 1900

Ola Høgberget: munnleg fortald